



## ÅRSMELDING 2010

### IDÉ- OG VERDIGRUNNLAG

Jordskifteretten skal vere uavhengig. Den skal sikre og fremje rettstryggleiken og verne om retts-samfunnet. Jordskifteretten skal til ei kvar tid ha høg tillit i samfunnet.

### SAKSARBEIDET

Saksavviklinga i 2010 har vore god. Det er slutta 41 saker. I tillegg er det slutta 24 saker av tilkalla dommarar frå andre sokn. I 2010 kom det inn 29 nye krav til Nord- og Midhordland jordskifterett. Ved årsskiftet låg det føre 65 saker ved jordskifteretten. (Ved førre årsskifte var talet 92)

Om lag 1/3 av dei slutta sakene er saker etter jordskiftelova § 2. Dette dreia seg om oppløysing av sameige, omarronding, bruksordning og fellestiltak. Sams tiltak og bruksordningar for private vegar er framleis aktuelle saker.

Resten av dei slutta sakene er grensegangar og rettsutgreiingar. Med mykje kyst og elvar i soknet, er det stor interesse for grensegang i og ved sjø og klarlegging av fallrettar i samband med planlegging av småkraftverk.

Det blei målt inn 16 km grenser med 370 grensepunkt. Til saman var det 211 partar i sakene som vart slutta i 2010.

### PERSONELL OG ØKONOMI

Nord- og Midhordland jordskifterett har kontor i Statens Hus i Bergen. Vi er ti tilsette.

Jordskifterettsleiar	Vidar Bergtun
Jordskiftedommar	Olav Bruflot
Jordskiftedommar	Kristin Lande
Jordskiftedommarfullm.	Axel Bjørklid
Avdelingsingeniør	Stig Kogstad
Avdelingsingeniør	Linda Benjaminsen
Avdelingsingeniør	Laila Kvinge
Avdelingsingeniør	Odd Erdal
Førstekonsulent	Kjersti Instebø Borlaug
Førstekonsulent	Solfrid Stigen

Driftsrekneskapen for 2010 viser eit forbruk på ca kr 6,6 mill., som er litt over tildelingane.

Gebyrinntektene for 2010 er på kr 438.000,-.

### SERVICE OG INFORMASJON

Eit viktig mål er å heve servicenivået ved å redusere ventetida for nye saker. Ventetida for oppstart av saker er no om lag eit år. Komande år håpar me å kunne arbeide ned enda meir av restansane slik at ventetida vert under eit år.

Ny teknologi gjer vegen frå markarbeid til ferdig produkt kortare, og fører til raskare gjennomføring av sakene. Dette gjeld både satelittbasert innmåling og utstikking av nye grenser (GPS), og digital kartproduksjon (GIS).

Interesserte kan få meir informasjon ved å kontakte jordskifteretten.

### NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT

Kaigaten 9, Pb 7316 – 5020 Bergen

Telefon: 55 57 24 50

Telefaks: 55 57 24 51

E-post: [jberpost@domstol.no](mailto:jberpost@domstol.no)

Internett: [www.jordskifte.no](http://www.jordskifte.no)



Gamalt småkraftverk